

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 55/2004

Møtedato: 8.12.04

Arkiv nr:

## **Brennabu leirskule, plassering av kanoar og eventuell oppføring av naust.**

Det har i lengre tid vore tvist om Brennabu leirskule og andre sin bruk av båt og kano på Vasetvatnet. Geir Fosheim og Olav Wangensteen krev m.a. at Brennabu leirskule leiger følgjebåtar frå dei, når leirskulen skal bruke kanoar på Vasetvatnet. Vidare hevdar Fosheim og Wangensteen at ingen kan legge att båtar på allmenningsgrunn ved Vasetvatnet. Dei fjernar derfor båtar og kanoar som ligg ved Vasetvatnet, både på sin grunn og allmenningsgrunn.

Etter frilufsloven er det fri ferdsel med båt på vatn. Brennabu har fått stadfesta sin ferdselsrett ved dom i lagmannsrett i 1982. Etter frilufsloven er det berre lov å la båt ligge ei kortare tid, men Statskog har på sin grunn tillete at båtar ligg i lengre tid utan nærare avtale.

Brennabu leirskule søkjer no om lov til å ha kanoane og båt liggande på land ved vika ned for Vasetstølen. Etter sesongen vil kanoane og båt bli lagra på Brennabu. Leirskulen vil seinare vurderer å søkje om å få føre opp naust.

Elisabeth Mellbye skriv i brev datert 2.11.04 følgjande:

*Som det gikk fram av møte på Brennabu 4.10.04 mellom grunneiere av Vasetvannet, Statsskog og Brennabu, har våre kanoer og bruk av dem vært oppe til debatt flere ganger.*

*På nevnte møte fikk vi gjentatt og frisket opp i domsavsigelsen fra Valdres Tingrett. Det går klart fram der at vi har rett til å bruke båt på Vasetvannet. Det går også klart fram at eierrettighetene strekker seg til vannkanten på vestsida av Vannet, så vi kan ikke ha båtene liggende i vannet eller lage båtdrag.*

*Vi har i de siste årene dratt båtene over veien vis a vis pumpehuset nedenfor snøkanonene og "parkert" dem der etter bruk.*

*Av sikkerhetsmessige årsaker (vind og vær tar tak på den siden) ønsker vi fra sommeren 05 å "parkere" dem på innsida av odden nedenfor Vasetstølen (se kart).*

*Vi har nå 9 kanoer og planlegger å gå til innkjøp av en liten robåt som sikringsbåt i tillegg.*

*Vi vil dra dem godt opp og legge dem slik at de ikke er i veien for noen. Når padlesesongen er over vil de bli vinterlagret på Brennabu.*

*Dersom dette viser seg å være en gunstig plassering for båtene, vil vi undersøke mulighetene i kommunen for å bygge et båthus. Denne henvendelsen vil vi gjøre direkte til kommunen i forbindelse med kommuneplanarbeidet slik vi ble anbefalt fra dere i statsskog ved en tidligere henvendelse.*

*Vi håper at Statsskog ikke har innsigelser i forhold til plassering av båtene, og ber om å bli kontaktet dersom dere skulle ha det.*

Statskog skriv i brev datert 30.11.04 følgjande:

Vestre Slidre statsallmenning. Bruk av Vasetvatnet, plassering av kanoer og eventuelt naust.

*Jeg viser til møte 4/10 og ditt brev av 02.11.04.*

*Jeg foreslo for Statskog 10.11.04 at vi vurderer grunneiernes syn juridisk og eventuelt sender vårt syn på saken til grunneierne. Jeg har ikke fått tilbakemelding på dette enda.*

*I og med at området ned for Vasetstølen er et mye brukt friområde bør en antagelig vurdere litt nøye hvor kanoene kan ligge. Dette burde kanskje vurderes i forbindelse med kommundelplanen. Jeg sender derfor kopi til kommunen.*

*Når det gjelder plassering av kanoene og eventuelt båthus, oversender jeg nå saken til fjellstyret for uttalelse med kopi av dette brev.*

*Det er imidlertid, etter en avtale/påbud på 1980-tallet, generelt forbud mot nye båthus i allmenningen. Selv om dette blir et litt spesielt båthus, kan det derfor kanskje bli problematisk å godkjenne naust for kanoene. Litt spesielt blir det også at det blir liggende ved et vatn der allmenningen ikke har fiskerett slik at det kan komme protester derfra.*

*Vi må vurdere dette nærmere etterat fjellstyret har uttalt seg, og det kan kanskje bli aktuelt å se på plassering av kanoer og eventuell båthusplassering under neste befarung med fjellstyret.*

## **Vedtak:**

Fjellstyret ser positivt på at Brennabu leirskule skal få ei løysing for plassering av kanoar og båtar på allmenningsgrunn ved Vasetvatnet. Statskog sitt framlegg om befarung finn fjellstyret tenleg for å sjå om ein kan finne ei løysing som både er praktisk for Brennabu og som tek omsyn til andre frilufsinteresser.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 9.12.04.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Brennabu leirskule